

## Bremanger kommune

Reguleringsføresegner for

**Fv. 614 Svelgen-Indrehus**

Plan-ID: 1438 2018 03

**§ 1 Hensikta med planen**

Føremålet med planen er å leggje til rette for ny trafiksikker og tidssparande vegløyning for fv. 641 mellom Svelgen og Myklebust. I tillegg til veg i dagen omfattar planen 3 tunellar, og to bruer. Innanfor planområdet kan det etablerast to større deponiområde, i Myklebustdalen og på Rise. Planen skal bidra til å omsynta landskap og naturmangfald på land og i vassdrag.

**§ 2 Fellesføresegner for heile planområdet****§ 2.1 Byggjeregner (jfr. PBL § 12-7, nr. 2)**

Der byggjeregner ikkje er vist, gjeld reglane i veglova.

**§ 2.2 Støy (jfr. PBL § 12-7, nr. 3)**

a) Nasjonale retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, skal ligge til grunn for vurdering av støyforhold for nye bygge- og anleggstiltak og for vurdering av skjermingstiltak og støy i anleggsperioden.

b) Støyskjerming langs veg

På grunnlag av støyrapport datert 17.12.2019, med tilleggsnotat datert 14.08.2023, skal følgjande tiltak bli sette i verk for busetnad som hamnar i gul støyson,  $L_{den} > 55$  dB, ved etablering av ny veg:

- Bygningane skal ikkje ha innandørs støynivå som overskrider  $L_{P,A,24h} = 30$  dB
- Eigedommane skal ha uteoppholdsareal med støynivå under grenseverdien for gul sone,  $L_{den} \leq 55$  dB
- Det skal etablerast skjermingstiltak for bustad gbnr 38/149, i form av støyskjerm i 2,5 m høgde, med plassering som vist på plankart.

For skjerming av gravplass (o\_BGU) skal det etablerast støyvoll i 1,5 m høgde, som vist på plankart.

For å sikra at krava blir overhaldne, må skjermingstiltak detaljerast og det må utførast synfaringar på aktuell busetnad.

**§ 2.3 Universell utforming (jfr. PBL § 12-7, nr. 4)**

Krav til universell utforming skal liggje til grunn ved prosjektering av veganlegget.

Oppretta dato: 05.11.2021  
Vedteken dato: dd.mm.åååå

Revidert dato: 21.03.2024

**§ 2.4 Landskapstilpassing og estetikk (jfr. PBL § 12-7, nr. 1)**

- Arkitektonisk utforming og heilskap skal vektleggast. Bygningsmessige konstruksjonar, inklusive tunnelportal må utformast med utgangspunkt i omgjevnadane sin karakter når det gjeld materialbruk og utsjånad. Det skal nyttast naturstein kring tunnelopningar og i murar.
- Skogsbilveggar skal etablerast med ei god linjeføring i landskapet. Særleg i området over tunnelportalen er det viktig at vegen inngår i ein heilskapleg landskapsplan for området.

**§ 2.5 Kulturminne (jfr. PBL § 12-7, nr. 6)**

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved Kulturavdelinga og Bergen Sjøfartsmuseum dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

**§ 2.6 Naturmangfald (jfr. PBL § 12-7, nr. 6)**

- Arealet over tunnelane skal fungere som grønne korridorar innanfor planområdet, og skal ikkje utformast med vandringshinder.
- Framande arter innanfor planområdet skal ikkje spreia i forbindelse med prosjektet. Lausmasser med registrerte fremmandartsførekomstar skal behandlast forsvarleg, og etter Miljødirektoratet si rapport frå 2018 "Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige plantearter".
- I perioden mai-juli skal det ikkje utførast sprenging i 500 meters radius og bakkearbeid i 250 meters radius til elvemunningen til Riseelva og til Vasselva.

**§ 2.7 Vassmiljø (jfr. PBL § 12-7, nr. 6)**

- Veganlegget må ikkje påføra bekkar og vassdrag langvarige negative konsekvensar. Den økologiske tilstanden til vassdraga skal ikkje endrast. I anleggsperioden må vasskvalitet i elver og bekkar opprettheld ein slik kvalitet at det ikkje går ut over gyteforhold. Fysiske inngrep i anadrome vassdrag skal ikkje utførast i gytetid for laks og aure, i perioden oktober-desember.
- Anlegget skal byggjast og driftast utan skade på naturmangfaldet i vassdraget, og planarbeidet skal ikkje medføre vandringshinder i vassdraga eller på tvers av vassdraga i anleggsfase og driftsfase.
- Vasskvaliteten i alle vassdraga skal overvakast gjennom anleggsfasen, og arbeidet skal stoppast umiddelbart ved forverring av tilstand.

**§ 2.8 Eksisterande matjord og deponi (jfr. PBL § 12-7, nr. 2)**

- Eksisterande matjordlang (A og B sjikt) som blir råka av deponi innafor føresegnområde #20, skal takast av og mellomlagras i anleggsperioden, og skal nyttast til re-etablering av jordbruksarealar.
- Masser som skal gjenbrukast til etablering av jordbruksareal skal handterast og mellomlagras i ranker på en måte som ivaretek matjordas eigenskapar.

- c) Ved håndtering og mellomlagring av masser skal det forhindres introduksjon eller spredning av uønskelege fremmande artar og plantesjukdommer/planteskadegjørere. Dette gjeld artar på Artsdatabankens svarteliste med høy spredningsrisiko.

### § 2.8 Luftforureining (jfr. PBL § 12-7, nr. 3)

- a) Utførande skal så til og plante til område som er ferdig opparbeidd så raskt som mogleg for å hindre erosjon og støvplager.
- b) Retningslinjer i Miljøverndepartementets veileidar for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2016) skal leggjast til grunn i anleggsfasen. Støving i anleggsområder skal reduserast så langt som mogleg, Tiltak for å hindre eller redusere støvdanning skal prioriterast.

## § 3 Utfyllande planar og dokumentasjon

Før bygge- og anleggsarbeidet settast igang skal følgande dokumentasjon føreligge:

### § 3.1 Ytre miljøplan og Miljøoppfølgingsplan (jfr. PBL § 12-7, nr. 3 og 12)

- a) Det skal lagast ytre miljøplan (YM-plan) og Miljøoppfølgingsplan (MOP) for prosjektet, som skal ha særleg fokus på forureining, og plan for avbøtande tiltak.
- b) Miljøoppfølgingsplanen skal identifisere kva for påverking tiltaka vil kunne ha for relevante miljøtema og vurdere kva tiltak som skal gjennomførast i ulike fasar av prosjektet for å redusere denne miljørisikoen.
- c) Kapittel 10.4 i planomtalen *Føringar for Ytre miljøplan (YM) for byggfasen* skal leggjast til grunn for YM-plan.

### § 3.2 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljøplan (SHA) (jfr. PBL § 12-7, nr. 12)

- a) Byggherren skal utarbeide SHA-plan. Tiltak mot arbeidsulukker og ulukker med mjuke trafikantar i samband med anleggsarbeid, skal sikrast gjennom denne.
- b) I anleggsperioda skal det til ei kvar tid vere sikra trygg tilkomst til turveggar innom planområdet.

### § 3.3 Rigg- og marksikringsplan (jfr. PBL § 12-7, nr. 12)

- a) Rigg- og marksikringsplanen skal syne korleis utforming av fyllingar skal løysast og korleis desse skal utformast, og korleis ein tenker å handtere massar i anleggsperioda.
- b) Planen skal syne korleis ein tenker å ta vare på lokal frøbank/plantar.
- c) Planen skal syne korleis ein tenker å handtere jord infisert med svartelista artar. Planen skal vera i tråd med Statens Vegvesen sin handlingsplan mot framande artar.

### § 3.4 Landskapsplan (jfr. PBL § 12-7, nr. 12)

- a) Det skal utarbeidast detaljert landskapsplan / O-teikningar for tiltaket, i samband med utarbeiding av byggeplan. Landskapsplanane skal ligge til grunn for anleggsarbeida. Landskapsplanen / O-teikningane skal vere eit førande dokument for oppbygging og ferdigstilling av planområdet.
- b) Plan for tilbakeføring og terrengtilpassing skal utarbeidast av landskapsarkitekt i byggeplan.

### § 3.5 Matjordplan (jfr. PBL § 12-7, nr. 12)

Det skal utarbeidast matjordplan/detaljert oppdyringsplan som skal vise handtering av masser med ulik jordkvalitet og oppbygging av jordbruksprofilen. Planen skal beskrive krav til sikring av landbruksjord i anleggsperioden. Planen skal utarbeidast av jordfagleg kvalifisert personell.

### § 3.6 Grunnforhold (jfr. PBL § 12-7, nr. 12)

I forbindelse med byggeplan skal det føreligge dokumentasjon frå geoteknisk fagkyndig på detaljprosjektering av alle grave- og fundamenteringsløyser.

#### § 4 Føresegner for arealformål

Reguleringsplanen omfattar følgjande arealføremål:

## § 12-5 nr 1 Bygninger og anlegg

- 1111 – Bustader-frittliggjande-småhus
- 1120 – Fritidsbusetnad
- 1121 – Fritidsbusetnad-frittliggjande
- 1160 – Offentleg eller privat tenesteyting
- 1300 – Næringsbygningar
- 1560 – Andre kommunaltekniske anlegg
- 1590 – Andre særskilt angitte bygningar og anlegg
- 1700 – Grav- og urnelund
- 1826 – Industri/lager

## § 12-5 nr 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- 2001 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- 2011 – Køyreveg
- 2015 – Gang-/sykkelveg
- 2018 – Annan veggrunn – teknisk anlegg
- 2019 – Annan veggrunn – grøntareal
- 2073 – Kollektivhaldeplass
- 2082 – Parkeringsplassar

## § 12-5 nr 3 Grøntstruktur

- 3031 - Turveg

## § 12-5 nr 5 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift

- 5100 – LNRF areal
- 5111 – Jordbruk
- 5130 – Friluftsmål

## § 12-5 nr 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

- 6001 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
- 6300 - Fiske
- 6710 – Friluftsområde i sjø og vassdrag

**§ 12-6 Omsynssoner**

- Frisiktsone (H140)
- Andre sikringssoner (H190)
- Skred- og rasfare (H310)
- Flomfare (H320)
- Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)
- Omsyn landskap (H550)
- Bevaring naturmiljø (H560)
- Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

**§ 12-7 Føresegnssområder**

- Midlertidig bygge- og anleggsområde (#)
- Utforming (#)
- Vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg (#)

Der det ikkje gjeve føringar i reguleringsplan, gjeld føresegnene i kommuneplanen sin arealdel.

**§ 4.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)****§ 4.1.1 Bustader – frittliggjande – småhus (BFS)**

- a) BFS omfattar eksisterande bustad. Maks utnyttingsgrad skal vere BYA 30%. Maks gesimshøgde er 7 m. Garasje kan ha inntil 70 m<sup>2</sup> BRA, og maks mønehøgde 5,0 m (jf. PBL § 12-7, nr. 1).
- b) Maks 2,5 biloppstillingsplassar inklusive gjesteparkering pr. bueining (jf. PBL § 12-7, nr 7).
- c) Byggjegrænse mot sjø er vist i plankart (jf. PBL § 12-7, nr 2).
- d) Bygg skal plasserast skånsamt i terrenget. Terrenningrepa skal minimaliserast og vere mest mogleg samla. Ein bør unngå sprenging/skjering som vert godt synleg frå sjøsida. Bustad må tilpassast terreng og lokal byggjeskikk slik at landskapsinntrykket ikkje vert forringa (jf. PBL § 12-7, nr 1 og 4).
- e) Dei estetiske sidene ved byggje- og anleggstiltak skal gjerast greie for i søknader om tiltak. Det skal vurderast korleis tiltaket estetisk framstår i seg sjølv, i høve omgjevnader og fjernverknader, med omsyn til landskap, kulturlandskap og byggjeskikk. Plassering, storleik, formgjeving, material- og fargebruk inngår m.a. i vurderinga (jf. PBL § 12-7, nr 1 og 4).

**§ 4.1.2 Fritidsbusetnad (BFR1-2)**

- a) BFR omfattar eksisterande fritidsbustader. Føresegna i kommuneplanens arealdel skal gjelde (jf. PBL § 12-7, nr 1).

- b) I BFR1-2 tillatst eksisterande tursti/buføringsveg langs Djupevikselva lagt om, med ny tilkomst under bru over Djupevikselva (jf. PBL § 12-7, nr 1).

**§ 4.1.3 Fritidsbusetnad – frittliggjande (BFF)**

- a) BFF omfattar område med eksisterande fritidsbustader. BYA skal vere maks 20 %. Maks gesimshøgde er 7 m, og storleiken på fritidshus er avgrensa til BRA 150 m<sup>2</sup>. (jf. PBL § 12-7, nr. 1).
- b) Maks 1,5 biloppstillingsplassar inklusive gjesteparkering pr. fritidseining. Det skal ikkje oppførast garasje (jf. PBL § 12-7, nr 7).
- c) Byggjegrænse mot sjø er vist i plankart (jf. PBL § 12-7, nr 2).
- d) Bygg skal plasserast skånsamt i terrenget. Terrenningrepa skal minimaliserast og vere mest mogleg samla. Ein bør unngå sprenging/skjering som vert godt synleg frå sjøsida. Bustad må tilpassast terreng og lokal byggjeskikk slik at landskapsinntrykket ikkje vert forringa (jf. PBL § 12-7, nr 1 og 4).
- e) Dei estetiske sidene ved byggje- og anleggstiltak skal gjerast greie for i søknader om tiltak. Det skal vurderast korleis tiltaket estetisk framstår i seg sjølv, i høve omgjevnader og fjernverknader, med omsyn til landskap, kulturlandskap og byggjeskikk. Plassering, storleik, formgjeving, material- og fargebruk inngår m.a. i vurderinga (jf. PBL § 12-7, nr 1 og 4).

**§ 4.1.4 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP1-2)**

Arealet er avsett til offentleg eller privat tenesteyting (BOP1-2). Føresegna i kommuneplanens arealdel skal gjelde (jf. PBL § 12-7, nr. 1).

**§ 4.1.5 Næringsbygningar (BN)**

- a) Felt BN skal benyttes til næringsbygningar. BYA skal være maks 75%, gesimshøgde maks 8 meter og mønehøgde maks 10 meter. Det tillatst oppført inntil 2 parkeringsplassar/100m<sup>2</sup> bygningsareal, men skal vurderast etter type verksemd (jf. PBL § 12-7, nr 1).
- b) Detaljhandel er ikkje tillatt.
- c) Estetikk grunnjevast i byggjesøknad, material- og fargeval skal gå fram av søknad (jf. PBL § 12-7, nr 1).
- d) Innanfor området er det ikkje tillate med etablering av verksemd med vesentleg støyutslepp, eller andre miljøulemper (jf. PBL § 12-7, nr. 3).
- e) Ved felling skal stammen til eika på gnr./bnr. 38/4 beskyttast og flyttast til tilgrensande grønstruktur (LF2) kor stammen utan greiner og rot skal brytast ned naturleg. Stammen skal ikkje kappast opp (Jfr. PBL § 12-7, nr. 6).
- f) Ved riving av bygg innafor området skal ein leggje vekt på gjenbruk av bygningsmaterialane. (jf. PBL § 12-7, nr 1).

**§ 4.1.6 Andre kommunaltekniske anlegg (o\_BKT1-3)**

Arealet er regulert til offentlege kommunaltekniske anlegg. Innanfor o\_BKT1-3 kan det etablerast bygg tilknytt drift av veganlegget (jf. PBL § 12-7, nr 1).

#### § 4.1.7 Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS)

Innafor BAS tillatast det etablert velteplass for skogsdrift og snuplass for tømmerbil. Innafor BAS med føresegningsområde avgrensa på plankart (#20), er det tillat å deponere steinmassar frå tunneldrivinga. (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

#### § 4.1.8 Grav- og urnelund (o\_BGU)

a) o\_BGU omfattar eksisterande gravplass (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

b) Det kan opparbeidast ein enkel turvegforbindelse/sti gjennom gravplassområdet. Forbindelsen skal fungere som en alternativ kopling mot f\_SKV28 og o\_GT3-4 (jfr. PBL § 12-7, nr 2).

#### § 4.1.9 BKB, Industri/lager (BKB1-2)

a) Området omfattar eksisterande område for industri/lager, samt utviding av dette mot nordaust (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

b) For felt BKB1-2 skal reguleringsføresegner i reguleringsplan for Breivika industriområde, plan id 1438.2016.02, gjelde uendra. BYA for BKB1-2 skal være maks 75 % (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

#### § 4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

##### § 4.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (felt o\_S01-07, o\_SKV01-13, f\_SKV14-15, o\_SKV16, SKV17, o\_SKV18-25, f\_SKV26-28, o\_SKV29-31, SKV32-34, o\_SKV35-36, o\_SGS1-3, o\_SVT01-34, o\_SVG01-04, SVG05-07, o\_SVG08-09, f\_SVG10-11, o\_SVG12-24, f\_SVG25-31, o\_SVG32-38, o\_SKH, f\_SPP1, o\_SPP2)

- Veganlegga skal utførast som vist på plankarta.
- Innanfor arealformåla kan det etablerast konstruksjonar og nødvendige tekniske anlegg og installasjonar, etter gjeldande tekniske krav for veg. Teknisk infrastruktur (kabel, liner, fiber) kan etablerast i areal avsett til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.
- Det skal etablerast anlegg for reinsing av tunnelvaskevatt og deponi, i tråd med prinsipp beskrive i rapport *K-not-001 Reinseløysing for tunnelvaskevatt og deponi*.
- Tiltak for å redusere verkingar av kastevindar på veganlegget skal fylgjast opp i detaljprosjekteringa.
- Eksisterande teknisk infrastruktur (luft/bakke) skal ivaretakast i anleggsperioden.

##### § 4.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (areal) (o\_S01-07)

- o\_S01-02 og o\_S05-07 omfattar areal til kjettingplass og haldeplass/ventelomme (jfr. PBL § 12-7, nr 1).
- o\_S03-04 omfattar areal til havarilomme og snuhammar (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

##### § 4.2.3 Køyreveg (o\_SKV01-13, f\_SKV14-15, o\_SKV16, SKV17, o\_SKV18-25, f\_SKV26-28, o\_SKV29-31, SKV32-34, o\_SKV35-36)

a) Offentleg køyreveg skal opparbeidast i samsvar med plan- og profildeikningar. Mindre avvik kan tillatast i samråd med tiltakshavar og Bremanger kommune utan dispensasjonssøknad. (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

b) o\_SKV01, 03, 05, 07, 09, 11, 12, 18, 20 og 22 omfattar areal for ny fv 614 i vertikalnivå 2 (på grunnen). (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

c) o\_SKV02, 06, 10, 19, 29 omfattar areal for ny fv 614 i vertikalnivå 1 (under grunnen, i tunnel/kulvert). Innafor arealet tillatast det etablert tunnel med tilhøyrande anlegg (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

d) o\_SKV04, 08, 21 omfattar areal for ny fv 614 i vertikalnivå 2 (over grunnen, i bru). Innafor arealet tillatast det etablert brukonstruksjon med tilhøyrande anlegg (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

e) o\_SKV12-13 omfattar areal for omlegging av dagens fv 614 og fv 5711 i samheng med etablering av nytt kryss på Myklebust. o\_SKV29-31 omfattar areal for omlegging av dagens fv 614, samt tilkomst til ny utfartsparkering o\_SPP2 (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

f) o\_SKV23 omfattar eksisterande areal for Gunnar Schjelderups veg (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

g) o\_SKV24-25 omfattar areal for tilkomst til felt BN og o\_BGU (jfr. PBL § 12-7, nr 1).

h) f\_SKV14 omfattar areal for ny tilkomstveg til gnr./bnr. 45/35 og 45/3,4, og skal være felles for gbnr 45/35, 45/3, 45/4. (jfr PBL § 12-7, nr. 1)

i) f\_SKV15 omfattar areal for anleggsveg, som skal kunne nyttast av fritidsbustader og grunneigarar når anleggsperioden er slutt (jfr. PBL §12-7, nr 1 og 2).

j) o\_SKV16 og o\_SKV35 omfattar eksisterande vegareal for Gulevegen (dagens fv 614) (jfr PBL § 12-7, nr 1).

k) SKV17 omfattar eksisterande køyreveg (traktorveg) langs Vasselva opp til Indrehusvatnet (jfr PBL § 12-7, nr 1).

l) f\_SKV26 omfattar eksisterande tilkomstveg til Rise-gardane (jfr PBL § 12-7, nr 1), og skal være felles for gbnr 38/413, 38/414, 38/5, 38/4 og 38/1.

m) f\_SKV27-28 omfattar areal for ny landbruksveg, og skal være felles for gbnr 38/413, 38/414, 38/5, 38/4 og 38/1. Landbruksvegen skal være dimensjonert for tømmerbil.. Det tillatast etablert bom innafor f\_SKV27 for å hindre unødig køyring til Lendingen. (jfr. PBL §12-7, nr 1 og 2).

n) For anleggsarbeid på f\_SKV28 skal utføres under fuktige forhold, eller med tilstrekkelig vatning til å hindre støvproblem.

o) SKV33-34 omfattar areal for buføringsveg i Myklebustdalen (jfr PBL § 12-7, nr 1).

##### § 4.2.4 Gang-/sykkelveg (o\_SGS1-3)

a) o\_SGS1-3 omfattar areal for gåande og syklande. Mindre justeringar av arealet tillatast innafor tilliggjande arealføremål anna veggrunn-grøntareal (jfr PBL § 12-7, nr 1).

b) o\_SGS1 skal ha ei bredde på 3,5 meter (jfr PBL § 12-7, nr 1).

c) o\_SGS2 skal ha en bredde på 4 meter, og arealet skal være køyrbart for utrykkingskøyretøy (jfr PBL § 12-7, nr 1).

##### § 4.2.5 Anna veggrunn – teknisk anlegg (o\_SVT01-29, f\_SVT30-34)

a) o\_SVT01-02, 19-20 omfattar areal for midtrabattar i veganlegget (jfr PBL § 12-7, nr 1)..

b) o\_SVT13-18 omfattar areal for midtrabattar i vegareal og sentraløy i rundkøyring (jfr PBL § 12-7, nr 1)..

- c) o\_SVT05, 10-11 og 26-27 omfattar areal til fundament/søylepunkt for bru. Innafor areala er det tillate med inngrep i kantvegetasjon rundt vassdrag (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- d) o\_SVT03-04, 08-09, 14-15, 24-25 omfattar teknisk areal for tunnel (vertikalnivå 1). Innafor arealet er det mellom anna tillate etablert havarinisjer, snunisjer, installasjonar og tekniske bygg (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- e) o\_SVT06-07, 12-13, 28-29 omfattar teknisk areal for bru (vertikalnivå 3). Innafor arealet tillatast det etablert brukonstruksjon med tilhøyrande anlegg (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- f) o\_SVT05, o\_SVT10-11 og o\_SVT26-27 omfattar nødvendig areal for brufundament (vertikalnivå 2) (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- g) f\_SVT30-31 omfattar tekniske areal for landbruksveg i kulvert under ny fylkesveg (vertikalnivå 1) (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- h) o\_SVT32-34 omfattar tekniske areal for reinsing av tunnelvaskevatt (jfr PBL § 12-7, nr 1).

#### § 4.2.6 Anna veggrunn – grøntareal (o\_SVG01-04, SVG05-07, o\_SVG08-09, f\_SVG10-11, o\_SVG12-24, f\_SVG25-31, o\_SVG32-38)

- a) Arealet er regulert til annan veggrunn – grøntareal. Innafor området tillatast det etablert grøfter, fyllingar, skråningar, gjerder, murar og tekniske installasjonar som tilhøyrar veganlegget (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- b) Stadlege massar og vegetasjon/frøbank skal nyttast i forbindelse med reetablering, tilpassing og revegetering av sideterreng (jfr. PBL § 12-7, nr 4).
- c) o\_SVG01-04 skal opparbeidast i tråd med prinsipp vist på landskapsplan O-003 (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- d) Innafor o\_SVG34 skal det etableres støyskjerm med minstehøyde på 2.5 meter. Plassering og utstrekning av støyskjerming er vist i plankartet (jfr PBL §12-7, nr 1)
- e) Innafor o\_SVG16 og o\_SVG22 skal det etablerast støyvull for skjerming av gravplass i o\_BGU. Innafor området skal det etablerast støyvuller langs veg, høgde 1,5 meter i forhold til vegskulderkant. Plassering og utstrekning av støyskjerming er vist i støysonekarta X202-X203 og X302-X303 (jfr. PBL § 12-7, nr 1, 3 og 4).
- f) Anleggsarbeid i forbindelse med f\_SVG31 skal utføres under fuktige forhold, eller med tilstrekkelig vatning til å hindre støvproblem.

#### § 4.2.7 Kollektivhaldeplass (o\_SKH)

- a) o\_SKH omfattar areal til kollektivhaldeplass (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- b) Leskur, billettautomat og andre installasjonar knytt til drift, kan etablerast innafor formålet eller på tilgrensande annan veggrunn, forutsett at omsyn til universell utforming, trafikkikkerheit og effektiv drift og vedlikehald av samferdselsanlegga er ivareteke (jfr. PBL § 12-7, nr. 1 og 4).

#### § 4.2.8 Parkeringsplassar (f\_SPP1, o\_SPP2-3)

Innafor f\_SPP1 og o\_SPP2-3 tillatast det etablert utfartsparkeringsplassar (jfr PBL § 12-7, nr 1). o\_SPP3 tillatast også brukt for opplag av kano og aktivitet tilknytt friluftsliv og allmenn bruk av elva.

#### § 4.3 Grønnstruktur (§ 12-5 nr. 3)

##### § 4.3.1 Turveg (o\_GT1-4, f\_GT5-6)

- a) Arealet avsettes til allment tilgjengeleg turveg inn til Lendingen (jfr. PBL § 12-7, nr. 1)
- b) o\_GT1-4 kan dimensjonert for tømmerbil og kan nyttast som landbruksveg. Kulvert (o\_GT2) skal vere dimensjonert for tømmerbil (jfr. PBL § 12-7, nr 1 og 2).

##### § 4.3.2 Blågrønnstruktur (GBG)

- a) Arealet avsettes som en buffersone mellom næringsområde og Svelgen gravplass (jfr. PBL § 12-7, nr. 1). Minste bredde på buffersone følges av plankart.
- b) Innafor GBG er det tillat å anleggje gangsti for friluftsliv (jfr. PBL §12-7, nr. 1)
- c) Skjerming i form av voll eller stedegen vegetasjon skal etablerast innafor område. (jfr. PBL §12-7, nr. 1)

#### § 4.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

##### § 4.4.1 LNFR areal (felt L01-L19)

- a) Areal er avsett til landbruks-, natur-, og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- b) Innafor o\_L05 og o\_L12-13 er det tillat å anlegga drenerør for utløp av overvann (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- c) Turveger og stier som leggjest om skal sikras med gjerder der dette er aktuelt (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- d) Innafor L15 og L16, med føresegnområde avgrensa på plankart (#20), er det tillat å deponere steinmassar frå tunneldrivinga. (jfr PBL § 12-7, nr 1).

##### § 4.4.2 Jordbruk (LJO01-03)

a) Innafor LJO3, med føresegnområde avgrensa på plankart (#20), er det tillat å deponere steinmassar frå tunneldrivinga. Deponiområdet skal etablerast, tilbakeførast og revegeterast i tråd med prinsipp vist på landskapsplan O-001. Det tillatast etablert anlegg for reinsing av overflatevatn innafor området. Deponiets avslutning mot sideterreng skal tilpassast eksisterande landskapsform og utformast slik at det ikkje er fare for erosjon utover normalt. Området skal tilbakeføres til landbruksformål med vekstjord etter avviking av deponiet (jfr PBL 12-7, nr 1, 2, 3 og 4).

b) Eksisterande matjordlag (A og B sjikt) skal takast av og mellomagrast i anleggsperioden, og skal nyttas til re-etablering av jordbruksareal. Masser som skal gjenbrukas til etablering av jordbruksareal skal handterast og mellomagrast i ranker på en måte som tar vare på matjordas eigenskapar. Ved handtering og mellomagrast av masser skal det forhindras introduksjon eller spreining av uønskede fremmede arter og plantesykdommer/planteskadegjørere. Dette gjelder arter på Artsdatabankens svarteliste med høy spreingsrisiko (jfr. PBL § 12-7, nr. 2 og 3).

#### § 4.4.3 Friluftsmål (LF1-LF6)

- a) Arealene er avsett til friluftsmål og rekreasjon. Innafor areala er det tillat med enkel tilrettelegging for friluftsliv som benkar, bord og gapahuk (jfr PBL § 12-7, nr. 1).
- b) Hol eik i BN kan flyttast til LF2 for naturlig nedbryting (jfr. PBL § 12-7, nr. 6).
- c) Tursti innanfor LF4-5 tillatast lagt om, jf. trasé med stipla linje på plankart. Endeleg trasé kan justerast innanfor formålet, og tilpassast plassering av ny gangbru over Riseelva (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- d) Innafor LF1 med føresegnområde avgrensa på plankart (#20), er det tillat å deponere steinmassar frå tunneldrivinga. Arealet skal tilbakeførast til landbruk og revegeterast med stedefegen vegetasjon etter avvikling av deponiet, i tråd med prinsipp vist på landskapsplan O-001 (jfr. PBL § 12-7, nr 1 og 2).
- e) Innanfor LF3 (#36) skal det sikrast ein buføringsveg over tunnelutløpet som forbinder beiteareala på kvar side av tunnelen (jfr PBL § 12-7, nr 1).
- f) Innafor LF6 med føresegnområde avgrensa på plankart (#32), er det tillat å deponere steinmassar frå tunneldrivinga. Deponiområdet skal etablerast og revegeterast i tråd med prinsipp vist på landskapsplan O-002. Ved etappevis utfylling av deponiet, skal revegetering være gjort for den delen av området som blir utfylt og ferdigstilt. Det skaletablerast anleggsveg og anlegg for reinsing av overflatevatn innanfor området. Området skal revegeterast med lokal frøbank (jfr. PBL § 12-7, nr 1 og 2).

#### § 4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

##### § 4.5.1 Fiske (VFI)

- a) Området er avsett til område for fiske (jfr. PBL § 12-7, nr 1).
- b) Innanfor VFI er det tillat å anlegga drenerør for utløp av overvann til sjø (jfr PBL § 12-7, nr 1).

##### § 4.5.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFV1-2)

- a) Området skal ha naturleg kantvegetasjon langs elvekanten. Der elvekant vert nytta til midlertidig anleggsområde, skal kantvegetasjonen takast vare på så langt som mogleg (Jfr. PBL § 12-7, nr. 2, 4 og 6).
- b) I VFV1 (Djupevikelva) skal det etablerast kulvert for fiskevandring (jfr PBL § 12-7, nr 1).

##### § 4.5.3 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V1-5)

- a) Område innanfor V1 og V4 skal ha naturleg kantvegetasjon langs elvekanten. Der elvekant vert nytta til midlertidig anleggsområde, skal kantvegetasjonen takast vare på så langt som mogleg (Jfr. PBL § 12-7, nr. 2, 4 og 6).
- b) Innanfor V2-3 er det tillat å anlegga drenerør for utløp av overvatn til sjø (jfr PBL § 12-7, nr 1).

#### § 5. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6)

##### § 5.1 Sikrings- og faresoner

###### § 5.1.1 Frisikt (H140)

I frisiktsoner skal det vere fri sikt i ei høgde mellom 0,5 meter og 3 meter over tilliggjande vegars nivå. Det må ikkje plantast busker eller anna vegetasjon som fullt utvakse blir høgare enn 0,5 meter. Det er tillate med søyler, stolpar samt enkeltstående høgstamma tre (jfr PBL § 12-7, nr 1).

###### § 5.1.2 Ras- og skredfare (H310\_1-10)

- a) Området er avsett til aktsemdssone for snøskred og steinsprang. Permanente og midlertidige tiltak skal etablerast og plasserast med nødvendig sikkerheit mot skred (jfr. PBL § 12-7, nr 12).
- b) Innafor H310\_10 skal det etablerast tiltak for skjerming mot snøskred, jf. Notat «Vurdering av skredssikring i Magnhildskaret» (jfr. PBL § 12-7, nr 2).

###### § 5.1.3 Flaumfare (H320\_1-5)

Permanente og midlertidige tiltak skal etablerast og plasserast med nødvendig sikkerheit mot flaum (jfr. PBL § 12-7, nr. 12).

###### § 5.1.4 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370\_1-6)

- a) Området er avsett til faresone for høgspenningsanlegg (jfr. PBL § 12-7, nr. 2).
- b) Netteigar skal kontaktast vedrørande utforming av tiltak som rører ved faresona. Plan for handtering av høgspentanlegg i anleggsfasen skal utarbeidast i samarbeid med netteigar (jfr. PBL § 12-7, nr. 12).
- c) Det tillatast ikkje oppført bygg innanfor faresona (jfr. PBL § 12-7, nr. 2).

###### § 5.1.5 Andre sikringssoner (H190\_1-2)

- a) Innafor sikringssone H190\_1 for fossegrimemose skal spesielle omsyn gjelde ved tiltak (jfr PBL § 12-7, nr. 6):
- Fossegrimemosehabitatet skal sperres av i heile prosjektets anleggsfase med fysisk tydeleg avsperring, kor en fagkyndig er ansvarleg for avmerkinga. Fagkyndig bør vere en erfaren brynolog (moseekspert).
  - Anlegg- og riggområder skal ikkje etablerast sør for planlagt skogsbilveg, og anna ferdsel og inngrep i forbindelse med arbeidet må ikkje finne sted over moselokalitetane.
  - Vindretning og vindstyrke skal målast ved starten av arbeidsdagen, når anleggsarbeid som forårsakar slengstøv skal utførast innanfor 100 meter i luftavstand frå fossegrimemoselokalitetane. På dagar kor slengstøv føres mot sør-aust skal ikkje slikt arbeid gjennomførast innanfor 100 meter frå mosa.
  - Anlegg- og riggområder skal ikkje etablerast sør for planlagt skogsbilveg, og anna ferdsel og inngrep i forbindelse med arbeidet må ikkje finne sted over moselokalitetane.
- b) Innafor sikringssone H190\_2 for ålegras, skal følgande omsyn gjelde ved tiltak (jfr. PBL § 12-7, nr. 6):

- Innafor sona skal det tas spesielle omsyn for å ivareta lokaliteten av ålegraseng.
- Det skal ikkje utførast mudring og/eller spyling innafor denne sona.

### § 5.2 Omsyn landskap (H550)

For H550 Omsyn landskap skal reguleringsføresegner i reguleringsplan for Breivika industriområde, plan id 1438.2016.02, gjelde uendra (jfr. PBL § 12-7, nr. 1).

### § 5.3 Bevaring naturmiljø (H560\_1-5) (jfr PBL § 12-7, nr. 6):

- Fossegrimemose H560\_2: Innafor området er det ikkje tillat med permanente inngrep i terreng eller vegetasjon. Ein inngrepsfri omsynssone på 30 meter skal oppretthaldast rundt moselokalitetane, for å sikre mosehabitatet. Kart og omtale i naturmangfaldsrapport kan brukast for rettleiing.
- Anadrome vassdrag H560\_1, H560\_3 og H560\_4: Kantvegetasjon rundt vassdrag skal bevarast i størst mogleg grad. Det skal ikkje gjerast nye permanente inngrep innanfor en kantsone på 10 meter frå vassdrag, med unntak av innafor formål annan veggrunn o\_SVT.
- Ålegraseng H560\_5: Innafor området er det ikkje tillat med inngrep. Ålegrashabitatet skal synfarast av fagkyndig i sesong før anleggsarbeidar kan starte, for å avgrense oppdatert omfang av lokaliteten.
- Lokalitetar innanfor H560 som kommer i konflikt med anleggsarbeidar, skal sikras med sikringsgjerde.

### § 5.4 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730) (jfr. PBL § 12-7, nr. 6):

- Kulturminne innafor H730 omfattar ballastrøys i sjø, Askeladden ID 128564-1
- Det er ikkje tillaten med inngrep som kan skade eller forringe kulturminnet innafor hensynssona

## § 6. Føresegner til føresegnssområde (§ 12-7)

### § 6.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde (område #1-32, #38-39, #41)

- Områder kan nyttast til verksemd som er naudsynt for gjennomføring av vegprosjektet, det gjeld mellombelse bygningar og anlegg, riggområde og mellomlagring av masser m.m. (jfr. PBL § 12-7, nr. 1)
- Når områda vert tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte (jfr. PBL § 12-7, nr. 2)
- Etter avslutta anlegg opphøyrer midlertidig reguleringsføresmål og arealet går over til formål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i stand til den bruk og den stand det var før anleggsstart, innan eitt år etter at anlegget er ferdig (jfr. PBL § 12-7, nr. 1 og 2).
- Tiltak innanfor omsynssone H560 i midlertidig bygge- og anleggsområder skal ikkje øydelegge lokalitetens verdi (jfr. PBL § 12-7, nr. 6).
- Tiltak innafor føresegnssområde #18-19 skal hensynta gravplassen med hensyn til inngrep og støy (jfr. PBL § 12-7, nr. 3).
- Bygg og anleggaktivitet innanfor #24 må ikkje påføre skade på steingard (omtalt som 2 i planomtala) eller SEFRAK-bygning 7 (jfr. PBL § 12-7, nr. 6).
- Innanfor #32 skal turveg midlertidig leggst om i anleggsperioden (jfr. PBL § 12-7, nr. 1).
- Innanfor føresegnssområde #20 og #32 tillatast deponering av rene masser (tilstandsklasse 1), i tråd med prinsippa vist på O-001 og O-002. Med «rene masser» meiner jord, stein, grus og sand og liknande som ikkje inneheld konsentrasjonar av helse- eller miljøfarlege stoffar, som overskrider tilstandsklasse 1 i SFT veiledar «helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn» (jfr. PBL § 12-7, nr 1 og 3).

- Innafor #20 og #34 skal det etablerast reinsebasseng i tråd med prinsipp på o-teikningar (jfr. PBL § 12-7, nr. 1).
- Det tillatast opparbeida midlertidig anleggsveg innafor deponiområda #20 og #32. Terrenginngrep skal skje mest mogleg skånsamt og innordnast i landskapet. Etter ferdigstilling av deponiet skal anleggsvei innafor #20 fjernes (jfr. PBL § 12-7, nr. 1 og 2).

### § 6.2 Vilkår for bruk av arealer, bygninger og anlegg (område #34, #35, #37 og #40)

- Innafor føresengsområde #34 er det tillat å etablere anlegg for handtering av overvatn frå tunnel (jfr. PBL § 12-7, nr. 1 og 2).
- Bygning innafor #35 tillatast flyttet innanfor LJ01/gbnr 38/5 i samråd med grunneigar. Ny plassering må drøftast i høve til bygget sin funksjon (jfr. PBL § 12-7, nr. 1 og 2).
- Det automatisk fred kulturminnet merka med #37 (id-nummer 273691) er frigjeve i samband med vedtaket av reguleringsplanen. Det er ikkje vilkår om arkeologisk utgraving av kulturminnet. Nødvendig dokumentasjon er henta inn i samband med registreringa som fylkeskommunen har gjort (jfr. PBL § 12-7, nr. 2 og 6).
- Innafor #40 er det tillat å leggje drenerør for utløp av overvatn til sjø. Traseen kor leidningen skal leggjast i sjø må befaras i sesong, før leidningen leggjast ned. Anleggsarbeidar for nedlegging av leidning skal ikkje utførast perioda februar-mai (jfr. PBL § 12-7, nr 1, 2 og 6).

### § 6.3 Utforming (område #33 og #36)

- Område #33 avsett areal for omlegging av eksisterande tursti ned til fjorden (jfr. PBL § 12-7, nr. 1).
- Område #36 avsett areal for omlegging av eksisterande buføringsveg (jfr. PBL § 12-7, nr. 1).

## § 7. Rekkjefølgjeføresegner (jfr. PBL § 12-7, nr 10)

### § 7.1 Før anleggsarbeid startar

Før anleggsarbeidar startar skal følgande tiltak være etablert:

- Sikring av utvalde naturtype i hensynssone H560.
- Støyskjerming av gravplass for støy i anleggsfasen.
- Sikring av alternativ tilkomst til Lendingen langs vatnet på austsida av Krana. Det skal settast opp informasjonsskilt om den midlertidige traséen på Rise, der turstien går frå i dag, samt ved Riseelva.

Før det blir gitt løyve til deponi på Rise (#20), skal matjord vera varetatt og sikra i tråd med oppmodingar i matjordplan.

Før deponiområda i Myklebustdalen og på Rise blir tatt i bruk skal det føreligge nødvendig løyve etter forureiningslova § 11 og § 32.

Før bygge- og anleggsarbeidet settast igang skal utfyllande planar og dokumentasjon jf. føresegna § 3 føreligge.

### § 7.2 Før veganlegget blir teken i bruk

Før veganlegget blir teken i bruk skal følgjande tiltak være etablert:

- støyskjermingstiltak mot Rise gravplass (støyvoll på 1,5 m).
- støyskjermingstiltak for gbnr 38/149 (støyskjerm på 2 m).
- ny avkøyrsløse til næringsområde BKB1-3
- omlegging av eksisterande tursti/buføringsveg langs Djupevikselva (BFR1-2)
- omlegging av eksisterande tursti langs Vasselva (L10)
- omlegging av eksisterande tursti til Kruna (LF4-5)
- rundkøyring på Rise skal opparbeidast i forbindelse med vidareføring av vegen med ny løysing gjennom Kruna.

### Regulert eigarform (jfr. PBL § 2-7, nr. 14)

o\_ offentlig arealformål

f\_ felles arealformål

### Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene:

Landskapsplan O-001 datert 19.05.2022

Landskapsplan O-002 datert 19.05.2022

Landskapsplan O-003 datert 19.05.2022

Notat «Vurdering av skredsikring i Magnhildskaret», dato 20.11.2019